

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 14.11.2016
SAKSHANDSAMAR: Linn Jonassen
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar 07.12.2016**

ARKIVSAK: 2015/1423
STYRESAK: 128/16

STYREMØTE: 07.12. 2016

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
17.08.2016	Høyring – Rekneskapslovutvalet si utgreiing om rekneskapslova sine avgjerder om årsberetning m.v. <i>Finansdepartementet sender på høyring Rekneskapsutvalet si delutgreiing 2, NOU 2016: 11.</i>	Høyringsfrist 17.11.2016	
24.08.2016	Høyring – Krav om at legar i den kommunale helse- og omsorgstenesta er spesialistar i allmennmedisin eller under spesialisering <i>Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring eit forslag om at alle legar i den kommunale helse- og omsorgstenesta skal vere spesialistar i allmennmedisin eller under spesialisering. Forslaget er ei oppfølging av eit tiltak varsla i Primærhelsemeldinga.</i>	Høyringsfrist 23.11.2016	
01.09.2016	Høyring – Nasjonal fagleg retningslinje for bruk av elektrokonvulsiv behandling – ECT <i>Det har lenge vore behov for ein fagleg normering knytt til bruk av elektrokonvulsiv behandling (ECT) i Noreg med omhug til indikasjon, kva for undersøkingar som bør føretakast både før og etter behandlinga, korleis behandlinga skal gjennomførast og spørsmål knytt til samtykke, juridiske og etiske problemstillingar.</i>	Høyringsfrist 01.12.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
06.09.2016	Høyring – helseføretaka sine rutinar for å behandle prisinformasjon ved kjøp av legemidlar underlagt regelverket for	Høyringsfrist 30.11.2016	

	<p>offentlege anskaffingar</p> <p><i>RHF AD-møtet bad i møte den 31. mai 2016 HINAS og føretaksadvokatane om å gjennomgå helseføretaka sine rutinar for å handtere prisinformasjon for legemidlar.</i></p>		
14.09.2016	<p>Høyring – endring i personopplysningsforskrifta sine reglar om melde- og konsesjonsplikt</p> <p><i>Som eit ledd i regjeringa sine tidstyvprosjekt har Datatilsynet gjennomgått eksisterande bestemmelsar om melde- og konsesjonsplikt ved behandling av personopplysningar for å sjå om det kan gjevast fleire unntak i personopplysningsforskrifta kapittel 7. Det er gode grunnar for å gjere unntak frå melde- og konsesjonsplikta i større grad enn det er gjort i dag, særleg i tilfelle der personverntrosselen er lita. Dette vil redusere arbeidsmengden hos Datatilsynet. Samtidig vil det vere ressursbesparande for verksemdar som per i dag driver med behandling av personopplysningar som er underlagt melde- eller konsesjonsplikt.</i></p>	Høyringsfrist 15.11.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
15.09.2016	<p>Høyring – felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå i helseføretak</p> <p><i>Helse Vest RHF viser til krav frå Helse- og omsorgsdepartementet stilt i protokoll frå føretaksmøte datert 7. januar 2015, punkt 3.5.2 om etablering av felles retningslinjer for brukarmedverknad og ein meir einskapleg praksis for brukarmedverknad på systemnivå. I protokoll frå føretaksmøte datert 12. januar 2016 blei det i punkt 3.2.4 tatt med eit krav om at det i dei felles retningslinjene blir tatt inn føresegner om at alle helseføretak skal etablere ungdomsråd.</i></p>	Høyringsfrist 05.12.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
21.09.2016	<p>Høyring – nasjonal ordning for oppbevaring av pasientjournalar ved overdraging og opphøyr av verksemda</p> <p><i>Departementet sender på høyring forslag om etablering av ein nasjonal ordning for oppbevaring av pasientjournalar ved overdraging og opphøyr av verksemda. Ordninga gjeld for dei tilfella der det ikkje er aktuelt å overføre pasientjournalane til anna helsepersonell eller anna verksemd i henhold til pasientjournalforskrifta § 15. Det blir føreslått ein plikt til å avlevere journalane til den nasjonale ordninga i disse tilfella. I dag blir desse journalane overført til fylkesmannen etter pasientjournalforskrifta § 15 fjerde ledd.</i></p>	Høyringsfrist 19.12.2016	
04.10.2016	<p>Høyring – Barn sin rett til medverknad og medråderett etter pasient- og brukarrettslova, helsepersonell si ivaretaking av barn som pårørande og etterlatne, diverse</p>	Høyringsfrist 05.12.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a.

	<p>andre endringar i helsepersonellova m.m.</p> <p><i>Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring forslag om endringar i fleire lovar og enkelte forskrifter på helse- og omsorgstenestefeltet. Dei fleste av forslaga gjeld endringar i pasient- og brukarrettslova og helsepersonellova.</i></p>		
06.10.2016	<p>Høyring – Endringar i opplysningsplikta til barnevernet og ny opplysningsplikt til barnevernet ved tilbakehalding av gravide rusmiddelavhengige</p> <p><i>Hovudformålet med forslaga er å klargjere og forenkle bestemmelsane om opplysningsplikt slik at dei skal bli enklare å anvende for dei som er omfatta av plikta. Departementet føreslår mellom anna eit tydelegare skille mellom opplysningsplikt av eigne tiltak («meldeplikt») og opplysningsplikt ved pålegg.</i></p>	Høyringsfrist 06.12.2016	Høyringsbrev er sendt til HF-a
12.10.2016	<p>Høyring – Nasjonal faglig retningslinje for handtering av CBRNE-hendingar med personskade</p> <p><i>Nasjonal fagleg retningslinje for handtering av hendingar med personskade forårsaka av kjemiske stoffer (C), farlege biologiske agens (B), radioaktivitet (R), nukleært materiale (N) og eksplosjonar (E) – CBRNE.</i></p> <p><i>Retningslinja inneheld tilrådingar knytt til både medisinsk behandling, beskyttelsestiltak og organisering og samhandling på skadested.</i></p>	Høyringsfrist 16.01.2017	
12.10.2016	<p>Høyring – forbod mot fyring med mineralolje</p> <p><i>Klima- og miljødepartementet sender med dette på høyring forslag til forskrift om forbud mot fyring med mineralolje (fossil olje) til oppvarming av bygninger.</i></p>	Høyringsfrist 11.01.2017	
12.10.2016	<p>Høyring – forskrift om endring av juridisk kjønn for norske statsborgarar busett i utlandet</p> <p><i>Det blir føreslådd at retten til å endre juridisk kjønn etter lov om endring av juridisk kjønn også skal gjelde for norske statsborgarar busett i utlandet.</i></p>	Høyringsfrist 01.12.2016	
14.10.2016	<p>Høyring – intensjonsplan for etablering av Vestlandsregionen</p>	Høyringsfrist 30.11.2016	
17.10.2016	<p>Høyring – ny forskrift om offentleg arkiv</p>	Høyringsfrist 15.01.2017	Høyringsbrev er sendt til HF-a.
18.10.2016	<p>Høyring – gjennomføring av organhandelskonvensjonen i norsk rett (forslag til endringar i transplantasjonslova, straffeprosesslova og obduksjonslova)</p>	Høyringsfrist 17.01.2017	

	<p>Noreg har underteikna Europarådet sin konvensjon mot ulovleg handel med menneskeorgan.</p> <p>Det må gjerast tilpassingar i transplantasjonslova for at Noreg skal kunne gjennomføre (ratifisere) konvensjonen.</p> <p>Det blir føreslådd bl.a. at strafferamma for brot på transplantasjonslova aukast.</p>		
18.10.2016	<p>Høyring – begrensa høyring av reguleringsplanmal</p> <p>Grunna eit stort mangfold av bestemmelsar til reguleringsplanar har det blitt utarbeidd eit forslag til tilrådd nasjonal mal eller struktur for reguleringsbestemmelsar.</p>	Høyringsfrist 28.11.2016	
26.10.2016	<p>Høyring – intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland</p> <p>Bakteppet for arbeidet med regionreforma, er at fleirtalet på Stortinget vil ha tre forvaltningsnivå i Noreg: kommune, region og stat. Fleirtalet meiner samstundes at tal fylkeskommunar skal reduserast frå dagens 19 til om lag 10 regionar.</p>	Høyringsfrist 23.11.2016	
01.11.2016	<p>Høyring – NOU 2016:13 Samvittighetsfrihet i arbeidslivet</p> <p>Utvalet føreslår ingen konkrete lovendringar, men gir råd for korleis det praktisk kan leggjast til rette for at den enkelte kan utføre sitt arbeid på ein måte som er i samsvar med eigen samvit, samtidig som det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til berørte partar som arbeidsgivar, kollegaer, kundar, pasientar mv.</p>	Høyringsfrist 01.03.2017	
01.11.2016	<p>Høyring – Over grensen – Rapport med forslag til endringer i regelverket for privatimport ved forsending av legemidler til eget bruk</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet oppnemnde i mars 2016 ei arbeidsgruppe for å vurdere spørsmål knytt til privatimport av legemidlar ved forsending. Rapporten frå gruppa blei sendt departementet 30. september 2016. Av mandatet til arbeidsgruppa går det fram det at: «Arbeidsgruppa skal i sin rapport særleg greie ut handlingsrommet Noreg har etter EØS-avtalen til å avgrense og tillate slik import, og vurdere på kva nivå avgrensingane bør liggje innan handlingsrommet, ut frå omsynet til vern av liv og helse vs. omsynet til personer sin rett til sjølv å velje.»</p>	Høyringsfrist 01.02.2017	
02.11.2016	<p>Høyring – endring i barnelova</p> <p>Barne- og likestillingsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i barnelova for å auke beskyttelsen av valds- og overgrepsutsatte barn.</p>	Høyringsfrist 14.12.2016	

02.11.2016	<p>Høyring – invitasjon til å gi innspel til strategi om psykisk helse og til møte</p> <p><i>Regjeringa skal utarbeidde ein strategi om psykisk helse i befolkninga, som skal omfatte helsefremmande, førebyggjande og behandlingsretta aspektar. Helse- og omsorgsdepartementet leiar arbeidet, og tar sikte på å leggje fram strategien i vår halvåret 2017.</i></p>	Høyringsfrist 27.11.2016	
03.11.2016	<p>Høyring – Norsk indeks for medisinsk nødhjelp-utgave 4</p> <p><i>Norsk indeks for medisinsk naudhjelp (NIMN) er eit beslutningsstøtteverktøy som er i bruk ved alle akuttmedisinske kommunikasjonsentralar (AMK) og mange legevaktsentralar (LVS) i Noreg. NIMN blei opphavleg utvikla i USA tidlig på 1990-talet med mål om å kunne utløyse helsetenesten sine ressursar (ambulans, lege, o.a.) med riktig kompetansenivå relatert til pasienten sine medisinske behov, samt fastsette ein hastegrad. NIMN har vore i bruk i Noreg sidan 1994 og har tidlegare vore revidert to gongar.</i></p>	Høyringsfrist 05.12.2016	
07.11.2016	<p>Høyring – NOU 2016:16 Ny barnevernslov – Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse</p> <p><i>Barnevernslovutvalet blei oppretta ved kongeleg resolusjon 28. november 2014 og leverte sin innstilling 29. september i år. Utvalet har føretatt ein teknisk, språkleg og strukturell gjennomgang av barnevernlova og har i tillegg vurdert nokon tema. Utvalet har komet med forslag til ei ny barnevernslov.</i></p>	Høyringsfrist 30.01.2017	
11.11.2016	<p>Høyring - revisjon av Nasjonal fagleg rettleiingslinje for diagnostikk, attack- og sykdomsmodulerande behandling av multippel sklerose</p> <p><i>Retningslinja blei sist revidert av Helsedirektoratet i november 2011.</i></p>	Høyringsfrist 27.01.2017	
11.11.2016	<p>Høyring - endringar i arbeidsmiljølova sine reglar om kveldsarbeid og i virkeområdet for medleverforskrifta</p>	Høyringsfrist 02.01.2017	
11.11.2016	<p>Høyring – ny forskriftsbestemming i regelverk om offentlege anskaffingar</p> <p><i>Stortinget har vedtatt ein ny lov om offentlege anskaffingar. Loven inneheld mellom anna ein overordna miljøbestemming som stiller krav til at statlege, fylkeskommunale og kommunale myndigheiter og offentlegrettslege organ skal innrette sin anskaffingpraksis slik at den bidrar til å redusere skadeleg miljøpåverknad, og fremje klimavennlige løysningar der dette er relevant.</i></p>	Høyringsfrist 10.02.2017	

	<p><i>På denne bakgrunn sender Nærings- og fiskeridepartementet forslag til ein ny forskriftsbestemming om miljø på høyring. Forslaget inneber at statlege, fylkeskommunale og kommunale myndigheiter og offentlegrettslege organ må legge vekt på å minimere miljøbelastningane ved sine innkjøp.</i></p>		
--	--	--	--